



Stord kommune

SKYSSREGLEMENT

Gjeldande frå 01. august 2018

1. Skyssgrenser

Ordinære skyssgrenser som gir rett til skuleskyss, jfr. Opplæringslova §§7.1 – 7.6:

Elevar på 1. trinn: Minimum 2 km frå heim til skule
Elevar på 2. – 10. trinn: Minimum 4 km frå heim til skule

I tillegg til dette omfattast elevar i 2.-10. trinn med under 4 km og 1. klassingar med under 2 km reiseavstand av lovens avgjerd om rett til skuleskyss når dei må følgja ein vegstrekning som er definert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Dette gjeld når eleven må følgja vegen i ein "rimeleg lang og farleg strekning"; ikkje berre kryssing av vegen.

2. Forsvarleg reisetid:

Samla reise- og ventetid underveis per veg er vurdert til:

1.-4. klasse: 45 minuttar
5.-7. klasse: 60 minuttar
8.-10. klasse: 75 minuttar

3. Avgjersler som definerer særleg trafikkfarleg skuleveg knytt til den enkelte skule. Elevar langs desse strekningane har rett til skuleskyss, heile eller deler av året.

Skule/årstrinn	1.-4. årstrinn	5.-7.trinn	8.-10. årstrinn
Leirvik skule	Elevar som bur langs Fv 67 får fri skuleskyss	Elevar som bur langs Fv 67 får fri skuleskyss	
Rommetveit skule	E39 Agdestein – Boravik Kv 1265 Fjellgardsvegen	E39 Agdestein – Boravik Kv 1265 Fjellgardsvegen	
Hystad skule	Kv 1264 Vatnadalsvegen Kv 1265 Fjellgardsvegen	Kv 1264 Vatnadalsvegen Kv 1265 Fjellgardsvegen	
Langeland skule	Vinterskyss: Kv 1044 Hornelandsvegen og Pv 1325/1326 Tømmervikvegen		
Sagvåg skule	FV 545 Fitjarvegen hus nr 260 – X FV 71 Flyplassvegen Vinterskyss: Fv 71 Flyplassvegen Kv 1151 Vikanesvegen Kv 1240 Stokkavegen	FV 545 Fitjarvegen hus nr 260 – X FV 71 Flyplassvegen Vinterskyss: Fv 71 Flyplassvegen	
Litlabø skule	Fv 67 Gjeld elevar som bur mellom Kv 1203 Isdalkrysset – X E39	Fv 67 Gjeld elevar som bur mellom Kv 1203 Isdalkrysset – X E39	
Stord ungdomsskule			Fv 67 X Kv 1203 Isdalkrysset – Stord ungdomsskule
Nordbygdo ungdomsskule			Kv 1264 Vatnadalsvegen

Det er ikkje definert særleg farleg skuleveg som gir rett til gratis skuleskyss på vegstrekningar knytt til Tjødnalio skule og Nysæter ungdomsskule.

4. Øvrige avgjersler:

Skuleskyss i vinterhalvåret definerast i perioden 01.11 – 31.03.

Elevar som etter søknad er blitt overført til ein annan grunnskule får ikkje innvilga ekstra skuleskyss som følgje av overføringa. Etter søknad kan det gjerast unntak.

Avstand heim – skule (dør – dør) vert berekna langs kortaste vinterbrøyta veg/gangveg.

For å samordna ekstra skyss på grunn av trafikkfarleg veg vert det akseptert ei ventetid på 1 skuletime før og etter elevane sin timeplan, når dette fell innanfor skuledagen si lengd.

Skyss på grunn av trafikkfarleg veg fell bort etter kvart som det vert etablert trafikksikringstiltak på nemnde strekningar.

Elevar skal nytta alternative vegar til skulen i sommarhalvåret der det er mogleg.